



Universitetet i Bergen

5020 BERGEN

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda

Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Voldapostmottak@hivolda.no
www.hivolda.no**Dykkar referanse**
2015/10827-JULSK**Vår referanse**
15/01192-3**Vår sakshandsamar**
Johann Roppen, jr@hivolda.no**Vår dato**
03.12.2015

Svar til Universitetet i Bergen på intensjonsnotat om framtidig og tettare samarbeid

Høgskulen i Volda mottok 29. september «Intensjonsnotat om eit framtidig og tettare samarbeid mellom HVO og UiB» frå Universitetet i Bergen ved rektor Dag Rune Olsen.

I intensjonsnotatet vart det teke til orde for eit tettare samarbeid mellom dei to institusjonane i form av eit langsigtig og institusjonelt samarbeid for å styrke forsking og utdanning i humanistiske og samfunnsvitskaplege fag. Universitetet i Bergen ønska vidare at intensjonsnotatet skulle vidareførast ved å starte arbeidet med tettare samarbeidsstrukturar.

Intensjonsnotatet har vorte drøfta i leiinga ved Høgskulen i Volda. Notatet vart vidare lagt fram for styret ved Høgskulen i Volda på styreseminar 29. oktober. Saka vart formelt behandla i styremøte 30. oktober 2015 som ein del av saka «Status i strukturdebatten» (sak 76/2015). Høgskulestyret gjorde der følgjande vedtak:

Rektoratet får fullmakt til å starte drøftingar med utgangspunkt i invitasjonen frå Universitetet i Bergen.

Dei to institusjonane møttes på rektornivå 10. november 2015 for vidare drøftingar og avklaringar. I andre halvdel av november har dei fire avdelingane på Høgskulen i Volda også drøfta intensjonsnotatet og på den måten involvert fagpersonar i vurderinga av intensjonsnotatet.

For Høgskulen i Volda har intensjonsnotatet frå Universitetet i Bergen vorte positivt teke i mot fordi brevet er så tydeleg fagleg orientert. Leiinga ved Høgskulen i Volda meiner det vil det vere muleg å finne faglege baserte samarbeidsstrukturar mellom institusjonane, uavhengig av kva som blir Høgskulen i Voldas framtidige plass i den nasjonale universitets- og høgskulestrukturen.

I svara frå fagmiljøa er det nokre forventningar til eit samarbeid som blir nemnt av fleire fagmiljø:

- Felles forskargrupper
- Prosjektsamarbeid, nasjonalt og internasjonalt
- Forskarutdanning
- Samarbeid eller deling av toppstillingar på sentrale område

Når dette er sagt så er fagmiljøa også merksam på at ein skilde område har Høgskulen i Volda i utgangspunktet meir til felles og dermed større grunn til samarbeid med andre høgskular, både innanfor UH Nett Vest og andre stader. Vi er difor glade for Universitetet i Bergens har syn som oss på at UH Nett Vest bør vere eit viktig samarbeidsorgan også i framtida.

Vi meiner likevel at responsen frå leiing og fagmiljø syner interesse og vilje for å inngå ein institusjonell samarbeidsavtale om fagleg utvikling og samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda.

Vi vil nedanfor konkretisere noko meir korleis vi ser på potensialet for samarbeid på dei områda som vart nemnde i intensjonsnotatet frå Universitetet i Bergen, men vi vil i tillegg nemne samarbeid innanfor kunst- og kulturfag i tillegg til det som alt var omtala i intensjonsnotatet.

1. Mediefaga

Fagmiljøa i mediefag ved Høgskulen i Volda er tilknytt Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag og omfattar ca 40 fagtilsette og ca 300-400 studentar til saman på dei to avdelingane. Det er over 50 prosent førstekompetanse i fagmiljøa og 6 professorar/dosentar.

Avdeling for mediefag har drøfta intensjonsnotatet både på dekannivå, i allmøte og i avdelingsråd. Fagmiljøet stiller seg positiv til eit samarbeid der målsettinga er å vedlikehalde og styrke fagleg kvalitet og heve kompetansen på avdelinga. Avdeling for kulturfag har samanfallande synspunkt med Avdeling for mediefag.

Aktuelle samarbeidsprosjekt:

- Utdanningssamarbeid i praktiske mediefag inn mot Bergen Media By
- Utvikling av søknad på Senter for framragende utdanning i Volda.

2. Nordisk språk og litteratur

Fagmiljøet i nordisk språk og litteratur tel ca 15 tilsette og er samla på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning i Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur. Instituttet er i ferd med å endre namn til Institutt for språk og litteratur. Over halvparten av dei tilsette har førstekompetanse og det er tre professorar i nordisk ved instituttet.

HVO og Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning stiller seg positiv til å samarbeide med UiB om den nasjonale forvaltningsoppgåva det er å ta vare på Språksamlingane. Etter det vi kjenner til, har KD no bestemt at sjølvé Språksamlingane skal leggjast til UiB, noko HVO synest er fornuftig. Samstundes ønskjer HVO å utgreie muleigheter og vilkår for ta på seg ansvaret for å drifta Norsk Ordbok, i tett samarbeid med UiB og Nynorsk kultursentrums. HVO og Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur har eit sterkt fagmiljø innanfor språk og litteratur, med ein tydeleg nynorsk profil. Instituttet finn det derfor svært interessant å diskutere eit nærmare samarbeid med UiB, både når det

gjeld Språksamlingane og Norsk Ordbok og når det gjeld anna fagleg samarbeid innan utdanning og forskning.

Det lyt presiserast at HVO og instituttet per i dag ikkje har spisskompetanse innanfor fagområdet leksikografi, og at institusjonen såleis føreset at det blir tilført midlar knytt til eventuell drift av Norsk Ordbok.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Vidareføring av språksamlingane i Bergen.
- Etablering og utvikling av Norsk ordbok i Volda.

3. Andre HF-fag

I intensjonsnotatet vert historie og religionsvitenskap særleg nemnt som aktuelle samarbeidsmiljø.

Institutt for historie ved Høgskulen i Volda er ein del av Avdeling for samfunnsvitenskap og historie.

Instituttet har nærmere 10 tilsette og har høg kompetanse med tre professorar og to førsteamanuensar.

Instituttet har i mange år samarbeidd med ei rekke andre historikarmiljø om større prosjekt – no sist Noregs kyst- og fiskerihistorie, som vart leia av UiB.

Institutt for Religion, livssyn og etikk ved Høgskulen i Volda er ein del av Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Instituttet har 16 tilsette der 11 er førstekompetente og 5 er professorar/dosentar.

Dei to institutta nemnde ovanfor samarbeider om mastergradsstudiet i Kulturmøte.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Styrke forskingssamarbeidet og undervisning på master i kulturmøte når det gjeld emne som transregional og transnasjonal historie, misjonshistorie og migrasjonshistorie, midtøstenhistorie, islam og arabiske forhold.
- Religion i regionen – religion, migrasjon, lokalsamfunn og arbeidsliv.

4. Lærar- og lektorutdanning

Lærarutdanningane er svært viktige for Høgskulen i Volda. Høgskulen i Volda reknar 1861 som sitt startår, då *Voldens høiere Almueskole med annexert dannelsesanstalt for Almueskolelærere* vart oppretta. I 1994 vart dåverande Volda lærarhøgskule slått saman med Møre og Romsdal Distrikthøgskule Volda til dagens institusjon Høgskulen i Volda.

Høgskulen i Volda har i dag eit breitt lærarutdanningstilbod med barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning 1-7 og 5-10, faglærarutdanning i kunst og handverk, praktisk pedagogisk utdanning allmennfag og yrkesfag og master i undervisning og læring.

Universitetet i Bergen vil vere ein spennande samarbeidspart for å utvikle desse tilboda vidare. Det er vedteke at grunnskulelærarutdanningane skal bli 5årige og på mastergradsnivå. Samtidig har Kunnskapsdepartementet varsla skjerpa krav til institusjonane for å kunne tilby mastergrad. Krava er ikkje fastlagt så langt, men nye krav kan gjere det nødvendig for HVO å søke samarbeid for å stette krava. I ein slik situasjon vil de eventuelt vere avgjerande for HVO å inngå ei samarbeidsavtale som tilfredsstiller NOKUT sine krav for akkreditering. Dersom NOKUT ikkje godkjenner ein slik samarbeidsavtale som grunnlag for akkreditering, kan samarbeid om toarstillingar og delte stillingar vere aktuelt.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Deling av toppstillingar i didaktikk i sentrale skulefag (Norsk, engelsk og matematikk).
- Samarbeid om undervisning, sensur og praksis knytt til praktisk pedagogisk utdanning

5. EVU og fjernundervisning

Høgskulen i Volda har dei siste 15 åra bygd opp ei rekke fleksible studietilbod (nettstudium). Dette gjeld til dømes engelsk, samfunnssfag, historie, matematikk, norsk og religion. I 2015 starta høgskulen sine to første MOOC-tilbod. Vi har eit eige Kontor for e-læring som gjev teknisk støtte til fagmiljøa i utvikling og gjennomføring av fleksible studium.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Kopling av våre fagmiljø opp mot sterke fagmiljø ved universitetet vil skape nye utviklingsmuligheter på dette feltet.

6. Styrking av forskingssamarbeid

Høgskulen i Volda har dei siste åra hatt høg FoU-produksjon samanlikna med andre statlege høgskular. Men vi treng å styrke oss for framtida gjennom auka prosjektfinansiert aktivitet og ikkje minst internasjonalisering av forskingssamarbeid.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Samarbeid om forskingssøknader
- Visualisering og formidling av forsking

7. Kunst- og kulturfag

Avdeling for kulturfag ved Høgskulen i Volda omfattar blant anna kunst-, handverk og design, drama og teater og musikk.

Gjennom Griegakademiet og medlemskapen vår i Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, har vi allereie eit godt samarbeid om forsking og PhD-arbeid. Når UIB etter planen får eit institutt for kunstfag, vil dette kunne vere interessant for større delar av fagmiljøet vårt.

Vidare drøftingar

Som de kjenner til står Høgskulen i Volda midt oppe i ein strukturprosess initiert av Kunnskapsdepartementet. Høgskulen i Volda har i denne omgang valt å stå utanfor utgreiinga av ein profesjonshøgskule for Vestlandet. Høgskulen i Volda arbeider i lag med Høgskolen i Molde og Høgskolen i Lillehammer for å etablere ein høgskuleallianse som eit samarbeid mellom sjølvstendige høgskular. I løpet av januar 2015 vil dei tre alliansehøgskulane i fellesskap leggje fram for Kunnskapsdepartementet ein beskrivelse av korleis høgskulealliansen skal fungere. Høgskulen i Sogn og Fjordane er invitert med i alliansesamarbeidet, men har førebels valt å stå utanfor utgreiinga. Dette utelukkar ikkje at Høgskulen i Sogn og Fjordane seinare kan bli med i ein høgskuleallianse.

Det er viktig for Høgskulen i Volda å få fram at alliansen og UiB-samarbeid er supplerande og forsterkande samarbeidstiltak for Høgskulen i Volda. Dette synet støtta også Kunnskapsdepartementets representantar på møtet i Bergen i september 2015.

Kunnskapsdepartementet har gjeve alliansehøgskulane frist til 8. januar med å presentere eit dokument som beskriver korleis alliansen skal fungere og ber oss samtidig om å vurdere alliansen i høve til alternativa.

For å kunne gje eit best muleg svar til Kunnskapsdepartementet i januar 2016 hadde det difor vore ein stor fordel om Universitetet i Bergen svarte på dette brevet i løpet av desember 2015 – og helst innan 24.12.

Med helsing

Johann Roppen
rektor

Mottakar
Universitetet i Bergen

Kontaktperson
Dag Rune Olsen

Adresse

Post
5020 BERGEN